



**FYLKESMANNEN I ROGALAND  
UTDANNINGSAVDELINGA**

**TILSYN  
MED  
RENNESØY KOMMUNE**

---

**TIDSPUNKT:** 28. februar 2007      Vår ref: 07/434

**KOMMUNENS  
ADRESSE:** Rennesøy kommune, Postboks 24, 4159 Rennesøy

**KOMMUNENR:** 1142

**TILSYNSGRUPPE:** Marta Vignes Steine og Kåre Kr. Høines

**KONTAKTPERSON  
I KOMMUNEN:** Skulesjef Bernt Selvikvåg

---

**Heimel for tilsynet:**

Opplæringslova § 14-1, 2. og 3. ledd, jf. delegasjonsrundskriv F-16/04 frå Utdannings- og forskningsdepartementet og delegasjonsbrev datert 02.03.05 frå Utdanningsdirektoratet.

**Regelverk**

- Lov av 17.juni 1998 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)
- Forskrift til opplæringslova

**Tema for tilsynet:**

Tilsynet skal kontrollere om skoleeigar oppfyller lova sine krav til tilpassa opplæring og spesialundervisning, jf opplæringslova § 1-2 femte ledd og kapittel 5, og om skoleeigar har eit forsvarlig system for å ivareta dette, jf opplæringslova § 13-10 andre ledd.

**Fylkesmannen avdekka følgjande avvik under tilsynet:**

**Avvik 1**

Rennesøy kommune sikrar ikkje at alle vedtaka om spesialundervisning er i samsvar med krav i opplæringslova.

## **Merknad 1**

Rennesøy kommune sin delegasjon av fullmakter etter opplæringslova er mangelfull.

## **Godkjent:**

Marta Vignes Steine  
tilsynsleiar

Kåre Kr. Høines  
seniorrådgivar

## **Innhald**

1. Innleiing
2. Dokumentunderlag
3. Avvik
4. Merknader
5. Gjennomføring
6. Tidsfrist

## **Vedlegg:**

- Vedlegg 1: Dokumentunderlag for Fylkesmannen sitt tilsyn  
Vedlegg 2: Deltakarar ved Fylkesmannen sitt tilsyn

## **1. Innleiing**

Rapporten er utarbeidd etter tilsyn med Rennesøy kommune 28. februar 2007. Tilsynet er ein del av eit felles nasjonalt tilsyn der fylkesmennene fører tilsyn med same tema i fylkeskommunen og fem kommunar i kvart fylke.

Tilsynet fokusere på om kommunen oppfyller visse lovkrav innafor oppgitte emne, sjå "Tema for tilsynet", og rapporten viser avvik og merknader som blei funne under tilsynet. Rapporten gir såleis inga fullstendig tilstandsvurdering av kommunen som skoleeigar.

Føremålet med tilsynet var å vurdere om Rennesøy kommune har tilfredstillande styring i forhold til det regelverket som regulerer plikta til å ha eit forsvarlig vurderingssystem.

Tilsynet omfatta mellom anna undersøkingar om:

- aktivitetar blei utførte som dokumentert og uttalt
- kommunen driv verksemda si innafor egne rammer og dei rammene styresmaktene har sett

Tilsynet vart gjennomført ved gransking av dokument, ved intervju av sentralt plasserte personar i organisasjonen, og ved verifikasjon av om rutinar, prosedyrar og instruksar blir følgde opp i praksis. Tilsynet fokuserte på kommunen si oppfyljing av krav på områda nemnde ovanfor. Eventuelle funn ved tilsynet blir formulerte som avvik og/eller merknader.

- **AVVIK** blir definert som mangel på oppfyljing av krav fastsett i eller i medhald av lov eller forskrift.
- **MERKNAD** gjeld tilhøve som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik, men som Fylkesmannen meiner det er nødvendig å påpeike slik at kommunen kan betre forholda.

## 2. Dokumentunderlag

Dokumentunderlaget for tilsynet var:

- Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)
- Forskrift til opplæringslova
- Korrespondanse mellom kommunen og Fylkesmannen
- Dokumentasjon frå kommunen (vedlegg 1)

## 3. Avvik

### **Avvik 1:**

Rennesøy kommune sikrar ikkje at alle vedtaka om spesialundervisning er i samsvar med krav i opplæringslova.

### **Avvik frå:**

Opplæringslova §§ 5-1, 5-3, siste ledd jf. forvaltningslova § 27.

### **Lovkommentar:**

Dersom vedtaket frå kommunen avvik får den sakkunnige vurderinga, skal grunngivinga for vedtaket blant anna vise kvifor kommunen meiner at eleven likevel får eit opplæringstilbod som oppfyller retten. Vedtak om spesialundervisning skal vere så klart og fullstendig at det ikkje er tvil om kva opplæringstilbod eleven skal få. Vedtaket må også fastsetje prinsippa for innhaldet i og den organisatoriske gjennomføringa av opplæringa. Ei avgjerd om ikkje å gi rett spesialundervisning, er også å rekne som eit enkeltvedtak.

### **Avviket er basert på følgjande observasjonar:**

Dokumentasjon viser at fleire av dei vedtaka som avvik frå den sakkunnige vurderinga, ikkje har ei særskilt grunngiving for at eleven likevel får eit opplæringstilbod som oppfyller retten. Nokre av vedtaka er mangelfulle når det gjeld informasjon om organiseringa av spesialundervisninga og opplysningar om klageinstans jf. fvl. § 27. I saker der PPT vurderer at eleven ikkje har rett til spesialundervisning, blir det ikkje fatta enkeltvedtak. Intervju stadfester dette.

## **Merknad 1**

Rennesøy kommune sin delegasjon av fullmakter etter opplæringslova er mangelfull.

## **Kommentar**

Vedlagte delegasjonsreglement er revidert 10.01.03. Det er bl.a. delegert til rådmannen å gjera vedtak etter opplæringslova i saker som krev enkeltvedtak. Vidare delegasjon frå rådmann til rektorane er ikkje skriftleggjort. Dokumentasjon og intervju viser at det er rektorane som fattar enkeltvedtak.

## **4. Gjennomføring**

Tilsynet er gjennomført på følgjande måte:

Varsel blei sendt ut:	11.01.07
Formøte blei halde:	08.02.07
Intervjua blei gjennomførte:	28.02.07
Sluttmøte blei halde:	05.03.07

I vedlegg 2 er det gitt eit oversyn over deltakarane på tilsynet.

## **5. Oppfølging**

Fylkesmannen ber om tilbakemelding frå kommunen om korleis ein vil følgje opp avviket i rapporten innan 1. juni 2007.

## Vedlegg 1: Dokumentunderlag for Fylkesmannen sitt tilsyn

---

Materiale tilsendt frå Rennesøy kommune på førehand av, og under tilsynet:

1. Organisasjonskart for Rennesøy kommune
2. Delegasjonsreglement for Rennesøy kommune
3. Rennesøy kommunes sin årsmelding for 2005
4. Strategiplan for oppvekstavdelinga i Rennesøy
5. Planar for kompetanse utvikling
6. Årsbudsjett 2007 og økonomiplan 2007 – 2010
7. Saksframlegg: Timerressurser i grunnskolen 2006/2007
8. Plan for betra lesedugleik
9. Plan for rettskriving og grammatikk
10. Fokus på matematikk (plan)
11. Rammeprogram: Brønnhagen Kompetansesenter
12. Fagplan for IKT for skolene i Rennesøy kommune
13. Den kulturelle skulesekken i Rennesøy kommune
14. Informasjon om Randaberg interkommunale PPT
15. Randaberg interkommunale PPT: Virksomhetsplan 2006/2007
16. Rutiner for spesialpedagogisk arbeid
17. Randaberg interkommunale PP-tjeneste: Vedtekter med vedlegg
18. Årsmelding Rennesøy skule
19. Evaluering av verksemdsplan 2005 – 2006 , Rennesøy skule
20. Verksemdsplan 2006 – 2007, Rennesøy skule
21. Tilpassa opplæring, div. info Rennesøy skule
22. Spesialundervisning, dokumentasjon frå Rennesøy skule
23. Arbeidsplanar, Rennesøy skule
24. Elev/foreldresamtalar, Rennesøy skule
25. Tiltaksplan, Rennesøy skule
26. Verksemdsplanen 2006/2007 Vikevåg skule
27. Årsmelding 2005/2006 Vikevåg skule
28. Spes.ped/tilpassa opplæring, praksis og rutinar Vikevåg skule
29. Døme på diverse planar, Vikevåg skule
30. Elev- og foreldresamtalskjema, Vikevåg skule
31. Spesialundervisning, dokumentasjon frå Vikevåg skule
32. Overføringsrutinar, Vikevåg skule
33. Handlingsplan mot mobbing, Vikevåg skule
34. Undersøking om trivnad, Vikevåg skule
35. Årsplan for utvikling av sosial kompetanse, Vikevåg skule

## Vedlegg 2: Oversyn over personane frå kommunen som var direkte involverte i tilsynet

Namn	Funksjon	Føremøte	Intervju	Sluttmøte
Magne Fjell	Rådmann	X	X	X
Bernt Selvikvåg	Skulesjef	X	X	X
Vigdis S. Fossåskaret	Rektor Rennesøy skule	X	X	X
Johannes Haug	Rektor Vikevåg skule	X	X	X
Maj Hanne Vidnes	Lærer Rennesøy skule	X	X	
Arild Bakke	Lærer Vikevåg skule	X	X	X
Anne Marta Vagle	Leder PP-tjenesten i Randaberg, Rennesøy og Kvitsøy	X	X	X

Frå Fylkesmannen deltok rådgivar Marta Vignes Steine og seniorrådgivar Kåre Kr. Høines med førstnemnde som tilsynsleiar.